

STYRESAK

Unntatt offentlegheit jf. Offentleglova §23.1

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 23.08.2016
FRÅ; Kst. Administrerende direktør Ola Rye
SAKSHANDSAMAR: Kst. Økonomisjef Tor Erik Tveit
SAKA GJELD: **Budsjettprosess 2017**

STYRESAK: 038/16
STYREMØTE: 30.08.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til foreslått prosess og framdriftsplan for budsjettprosess 2017, og ber administrasjonen innarbeide innspel og føringar gitt til mål og føresetnader i det vidare budsjettarbeidet.

1 Innledning


For å sikre ein god budsjettprosess er det viktig at Sjukehusapoteka Vest (SAV) legg ein god plan for arbeidet, set mål for utvikling i salet og korleis ein skal dekkje tilhørande ressurs- og kompetansebehov, samt kva investeringar ein vil prioritera i 2017.

Mål for salet frå SAV må setjast i tett samarbeid med sjukehusføretaka og forventa vekst i helsetenesta. Salet av varer er sterkt knytt til forbruk i sjukehusa. Budsjettprosessen 2017 legg opp til vidare fokus på kommunikasjon om forbruk av legemiddel og andre apotekvarer i sjukehusa.

Helse Vest har sett resultatkravet i SAV for 2017 til 17 mill. Dette er kommunisert til dei budsjettansvarlege, og administrasjonen arbeider under den føresetnad at resultatkravet skal verta nådd.

Årshjul for budsjett og planarbeid i SAV

SAV sitt årshjul for budsjett- og planarbeid er vist nedanfor. Målet er gjere prosessane så effektive som mogeleg og bygge kompetanse i organisasjonen. Denne vil verte avstemt inn mot årlege rapporterings- og møtekalendrar.



Figur 1: Budsjett og planarbeid i SAV


Framdriftsplan for budsjettprosessen 2017

Budsjettprosessen i SAV skal samordnast med budsjettprosessen i Helse Vest. Nedanfor er vist gjennomføringsplan for budsjettprosess i Helse Vest:

Tidsfrist	Aktivitet	Kommentar
20/6-2016	Førebels inntektsramme og resultatkrav 2017 fastsett av styret i Helse Vest	Helseføretaka må med utgangspunkt i førebels inntektsfordeling sette i gang budsjettprosessen
August/september	Utarbeiding av budsjett i helseføretaka	
Primo oktober - 2016	Statsbudsjett 2017	Gjennomgang og avstemming av føresetnader, aktivitet, prioriteringar, utfordringsbilde og tiltaksplanar
Medio november	Inntektsramme 2017 med resultatkrav blir sendt ut til HF-a	Blir behandla av styret i Helse Vest i møte den 7/12-2016
Nov/Des 2016	Budsjett i HF-a behandla av styret	Styremøte i HF-a
6/1-2017	Budsjett i HF-a ferdig oppdatert i budsjettssystemet (SIM)	Klar for gjennomgang og kvalitetssikring
Veke 2 og 3	Kvalitetssikring av budsjett i HF-a	
Veke 4/5	Gjennomgang av resultat frå kvalitetssikring budsjett	
Februar 2017	Styresak konsernbudsjett 2017	

Figur 2: Budsjettprosess 2017 Helse Vest

Budsjettprosessen i SAV legg opp arbeidet etter aktivitetsplan som vist under. Endeleg budsjett for 2017 skal vedtakast av styret den 14.12.2016.



Figur 3: Budsjettprosess SAV

Arbeid med prisar og andre føringar for budsjettarbeidet:

Arbeid med å revidere hovudavtalene med sjukehusføretaka er utsatt som følge av utredning om organisering av Sjukehusapotekforetaka i Norge.

Prinsippa for prising av varer og tenester er som utgangspunkt uendra frå 2016. Modell for tjenestepriar i Helse Vest innført frå 01.01.2015 blir vidareført i SAV slik som i 2016. Sidan SAV har ulik kostnadsstruktur og ein skala-ulempe samanlikna med sjukehusføretaka skal SAV i tillegg rekne ut ein fast basispris som skal dekke indirekte kostnader ut over felles prismodell.

Salstall, pakningar og prisar i endeleg budsjett vert basert på trendar og prognoser med realiserte tal pr oktober 2016. Salstall for budsjettet blir basert på trend for omsetningsutvikling.

SAV har motteke styresak i Helse Vest RHF om Førebels inntektsfordeking og resultatkrav for 2017 (sak 074/16). Denne saka gjev saman med SAV sin strategiplan og styringsdokument føringar for budsjett 2017.

I styresak frå Helse Vest er det peika på at statsbudsjettet for 2017 blir lagt frå i oktober og at det difor vil være usikkerheit knytt til førebels inntektsramme. Foresetnad om løns- og prisvekst er på 2,5% som eit forebels anslag.

Det vert i samband med budsjettprosessen utarbeidd eit budsjettsskriv til avdelingane med føresetnader, føringar for gjennomføring av arbeidet og andre budsjett-tekniske forhold.

Aktivitetsmål og vekst for 2017

Sidan resultatkrav er på nivå med langtidsbudsjettet for 2017 er det naturleg å ta utgangspunkt i dette. Gjennom budsjettprosessen vil det verte vurdert å justere resultatkravet per avdeling mellom anna ut frå aktuelle tiltak for 2017. Omsetning (vekst) for 2017 i siste langtidsbudsjett (LTB 17) er summert opp per apotek og verksemdsområde nedanfor og samanlikna med Budsjett og Prognose for 2016.

Sal av varer - omsetningsutvikling					
	B16	P16	LTB17	B17	Vekst B17 vs B16
SHE	470 362	484 802	509 972	515 052	9,5 %
PUB	342 880	339 161	361 391	370 069	7,9 %
PRO	170 045	150 196	172 648	164 056	-3,5 %
145	13 015	15 157	13 326	13 584	4,4 %
Intern	33 732	34 897	34 416	34 079	1,0 %
SAV	962 570	954 419	1 022 921	1 028 682	6,9 %

Sal av tenester - omsetningsutvikling					
	B16	P16	LTB17	B17	Vekst B17 vs B16
SHE	12 460	12 381	12 872	13 091	5,1 %
PUB	174	184	173	181	4,2 %
PRO	24 328	25 165	24 163	26 181	7,6 %
AFT	34 581	31 089	32 828	33 841	-2,1 %
SAV	71 543	68 820	70 036	73 294	2,4 %

Figur 4: Omsetning og vekst i SAV

Utviklinga så langt i 2016 tyder på god vekst innan SHE og PUB, medan veksten innan PRO er noko stagnerande. Det er viktig at ambisjonane vert forankra i kvar avdeling og at tiltak vert konkrete nok som grunnlag for handling. Nedanfor er kort kommentert moment for kvart verksemdsområde og administrasjon som vert vektlagt i dialog med avdelingane i budsjettprosessen.

Sjukehusespedisjonen

- Vidare arbeid med gevinstuttak (tilpasning av arbeidsprosessar) frå gjennomførte investeringar automatisering og elektronisk bestilling
- Omfang av eindose i 2017
- Ambisjon for ASL (dekningsgrad ASL).
- LAR-leveransar og ressursbehov knytt til dette
- Varekost-prosent - tiltak for å optimalisere varekost
- Vareflyt - rutinar og kontroll med vareflyt/lager
- LIS-arbeidet i sjukehusa
- Investeringsbehov
- Krav til produktivitetsmål og bemanning

Publikum

- Mål og marknadsplan (profileringstiltak i samhandling med sjukehusa)
 - Marknadsføring mot kundar, konkrete tiltak som for eksempel
 - Profilering av produkt
 - Kampanjemateriell og stands
 - Kampanjer retta mot tilsette/ pasientar i sjukehusa
 - Kommunikasjonskurs for ansatte
- Tiltak for å auke salet som for eks
 - Produktutval (generika, original, medisinsk forbruksmateriell)
 - Utvide sortiment handelsvarer (nytte nye lokaler)
 - Opningstider
 - Tiltak for å redusere ventetid
 - Servicesal (kombinasjon rådgjeving og legemiddelsal)

- Samhandling med sjukehuspost (til dømes elektronisk bestillingsløsning for pasienter klargjøring av reseptar til henting).
- Varekost-prosent - tiltak for å optimalisere varekost
 - Auka del handelsvarer / del medisinteknisk forbruksmateriell
 - Varetrykk, vareflyt og lagerrutinar og kontroll
 - Riktig vareutval på legemidlar med tanke på høg service grad og tett samhandling med sjukehuspostar (PUB sin plass i pasientforløpet)
- Bemanning og krav til effektive prosesser
- Omfang og organisering av bak-reseptur.

Produksjon - Tilsetning:

- Produksjonsplanlegging/Produksjonskapasitet samanlikna mot sjukehusa sitt behov
- Produktivitetskrav - bemanning tilpassa produksjonsvolum
- Skalering og avklare investeringsbehov (dialog/pålegg SLV).
- Produksjonsstøtte system, tidspunkt for innføring og effekt
- Kompetansetiltak (produksjonsfarmasøytar) (for eks. hospitering)
- GMP (Good Management Practice) re-trening

Produksjon - steril/ ikke steril produksjon (Bergen)

- Skalering for 2017 (ref. nasjonal og regional lagerproduksjon)
- Bemanning tilpassa venta produksjon
- Produksjonskapasitet samanlikna med forventa behov ved gjennomgang av faktisk volum for kvar kategori av varer samanlikna mot "teoretisk" mulig volum.
- Synergjar mellom avdeling 140 og avdeling 145 i Bergen

Farmasifaglig rådgjeving:

- Leveranseplanar og kapasitet 2017 - omfang avstemt mot behov i sjukehusa
- Samhandling- rådgjevingstenester kommunar
- Kompetanseplanar innan tenesteområda
 - Kompetanseheving/ opplæringsplan
 - Status tilgang på farmasøytar og tiltak i rekruttering/ organisering
- Kvalitetssikring av leverte tenester
 - Skriftlig evaluering frå sjukehusa
 - Oppfølging av timeregistrering

Administrasjon

- Oppfølging fordeling arbeidsoppgåver FAD, Apoteka og LRS (gevinstar ved samordning)
- Utviklingsprosjekter og kapasitet i 2017
- Kompetanseplanar og ressursbehov.